



ÅRSPLAN MED BUDSJETT FOR 2026

**Rødt vil få ned forskjellane,
styrke folkestyret og utvide demokratiet**

Velferdsreform nr.1 - Gratis tannhelse

Dette er hovedbudskapene i Rødt si strategiplan og som med få ord beskriv vår politikk.

Del 1: Introduksjon – Rødt som en kraft for faktisk forandring

Rødt har for alvor fått gjennombrudd både sentralt og lokalt. Medlemstallet er nesten tidobla sidan Rødt var etablert i 2007. Rødt Molde har auka sitt medlemstal kvart år sidan 2022 og gått frå å være det tredje største til å bli det største Rødt partiet i Møre og Romsdal.

Rødt har fått viktige gjennomslag, som betyr noko i folk sin kvardag, både lokalt og nasjonalt. Rødt Molde har vore ein aktiv aktør i opposisjonen i Molde kommune. Vi har tatt initiativ og fått gjennomslag for viktige saker for arbeidarklassen, folk i distrikta og for miljøet. Rødt sitt gjennomslag i Statsbudsjettet for oppstart på tannhelse reforma er ein milepæl for Rødt og folk.

Rødt si strategiplan peikar ut retninga for partiets arbeid de neste seks åra og Rødt Molde fyl opp dette i sin årsplan med mål og tiltak for 2026.

Kampen mot Forskjells–Norge skal fortsett være Rødt si hovudsak, men vi vinner ikkje kampen åleine. Saman skal vi bygge en folkebevegelse mot Forskjells-Norge, i samarbeid med folkelege bevegelsar, og ikkje minst fagrørsla.

Rødt vil endre styrkeforholdet mellom arbeid og kapital i favør av arbeidarklassen. Men utviklinga i Norge har gått feil retning: Arbeidarklassen har opplevd reallønnsnedgang og forskjellane har vokse. Rødt vil snu denne utviklinga.

Innleie - og bemaningsbransjen og nye måtar å organisere arbeidslivet på, både i privat og offentlig, sektor truar fagrørsla og arbeidsfolk si makt i klassekampen. Rødt skal saman med fagrørsla slåst for tryggleik og rettferd i arbeidslivet, samt organisasjonsretten. Rødt vil erstatte lausarbeid med fast tilsetting og arbeide for sterkare fagforeningar i heile landet. Rødt vil jobbe for full sysselsetting, også med plass til dei som trenger tilrettelagt arbeid. For Rødt er det også viktig å ha tryggleik for dei som av ulike årsaker ikkje kan stå i arbeid, derfor vil vi heve velferdsstatens minsteytningar.

Svak kommuneøkonomi fører til press på velferdstenestene. I Molde kommune kutter dei i tilbod til barn, unge og eldre. Skuletilbodet blir sentralisert og heilt grunnleggande velferdstilbod innan eldreomsorg vert kutta. Rødt vil fortsette kampen for å forsvare og å utvide velferdsstaten. Gratis tannhelse blir den neste store velferdsreforma Rødt vil kjempe for. I tillegg vil vi jobbe for en pensjon å leve av.

Folkestyret er under press frå ein maktelite utan demokratisk forankring. Vi ser kapitalistar som sitter med nær eineveldig makt over viktige samfunnsområde. Blant anna i daglegvarebransjen kor prisane fyker i været, mens vanlege folk slite med å ha råd til mat. EU prøver å presse Norge til å gi frå oss kontrollen over krafta. EØS-avtalen tvinger nye direktivet nedover hovuda på folk, som legger press på tariffavtaler, lover i arbeidslivet, kommunalt sjølvstyret, auka bu-utgifter og på andre viktige samfunnsområde. Monopolkapitalismen vinn stadig terreng både nasjonalt og internasjonalt. TK-bransjen og eigarar av sosiale media, har tatt seg stor makt og prøver å påverke verda i ei høgre orientert og fascistisk retning.

Marknadstenking har erstatta politisk styring på en rekke områder, bl.a. bustadmarknaden, straummarknaden og helse- og omsorgstenester. Rødt vil utvide demokratiet ved å styrke den nasjonale kontrollen over ressursane våre. Vi vil ha demokratisk kontroll over krafta, omsetning av straumen i offentlig eie og en makspris på straum. Bustadmarknaden må inn under demokratisk kontroll. Rødt vil jobbe, samen med viktig allierte, for en profittfri og styrka velferd.

Kampen for eit fritt Palestina, fordømming av Israel sin ulovlege okkupasjon og folkemord, har vore ei sentral sak både sentralt og lokalt. Støtta til Ukraina sin kamp mot Russland sin angrepskrig har også vore viktig i Rødt.

Krig fører til ei meir utrygg verd. Rødt jobbar for eit atomvåpenforbod, for eit sterkare nasjonalt forsvar og ein sjølvstendig utanrikspolitikk, som vil gjere oss meir uavhengig av imperialistiske stormakter. Det var ein viktig grunn for Rødt til å bli med i forsvarsforliket.

Rødt er en maktfaktor i norsk politikk for få til faktisk forandring

Vi driver med politikk for å få til noko. Rødt skal være en maktfaktor i norsk politikk. Derfor må Rødt bli så store og sterke at vi ikkje er til å komme utanom. Stortingsvalet og valkampen blir difor ein viktig arena for Rødt både sentralt og lokalt.

Kommune- og fylkestingsval i 2027

Det er halvanna år til kommune – og fylkestingsval. Å rigge partiet for eit nytt val blir ei viktig oppgåve i 2026.

Del 2: Fortsatt kamp mot Forskjells-Norge

Ap/Senterpartiet/SV-fleirtallet har ikkje levert den forandringa dei lova. Tross 4 år med rødgrønt fleirtall har forskjellane fortsatt å auke. Fleire slit økonomisk – bustadmarknaden og straumprisane er ute av kontroll, maten er vorte dyrare og rentene har auka og stagnert. Tilboda innan eldreomsorg, velferdstenester og skule er under nedbygging særleg i distrikta på grunn av dårleg kommuneøkonomi.

Både i Molde Kommune og i landet elles skjer det ei sterkt sentralisering. Marknadstenking og økonomi får sterkare plass også i kommunane, der kapitalistiske og dyre konsulentbyrå blir brukte til å planlegge tenestenivå. Dette svekka tenestene og går særleg utover distrikta. Idrett og kultur blir dyrare og gjer det vanskeleg for trygda og dei med låg inntekt å delta. Dette skaper klasseskilje også på desse områda.

1. Kommunepolitikk

Mål: Rødt skal være eit tydelig talerøyr for å få ned forskjellane, styrke velferdstenestene og sikre levedyktige distrikt. Kommuneopprør og kamp mot sentralisering blir viktige saker. Innføring av tannhelsereform, der målet er at det å gå til tannlege skal koste det same som å gå til lege, må være høgt prioritert for Rødt på alle nivå for å hindre at framdrifta stoggar opp. Utvikling er at stadige fleire tannlegar blir ein del av store internasjonale konsern. Det kan bli ei utfordring i utvikling av reforma då desse selskapa kan motarbeid denne reforma for å sikre sin eigen profitt.

Tiltak:

- Eit viktig politisk tiltak for Rødt er å jobbe for at det blir tilsett nok tannlegar i kommunane og i fylkeskommunen til å gjennomføre tannhelsereforma
- Planlegge arbeidet med kommunevalet i 2027 med valprogram, kommuneliste og godt nominasjonsarbeid
- Kommunestyregruppa tilknytte seg fleire kontaktpersonar
- Kontakt med fagrørsla
- Kontaktmøter/samarbeidsgrupper i distrikta
- Temadagar om kommunepolitikk med innleiar frå Rødt sentralt
- Bidra aktiv til kommuneopprør for å styrke kommuneøkonomien

2. Natur – og miljø

Rødt er mot å bygge ned naturen for å «redde klima». Den raske nedbygginga av naturen er alvorleg både for klima og for naturmangfald. Naturvern er ein forutsetning for god klimapolitikk. Grøne lunger og friområde er under press for auka bustadbygging, vegbygging og anna aktivitet for å møte den auka sentraliseringa. Kommunane blir tilbydd pengar, for å presse fattige kommunar til å regulere områder til vindkraft. Det er planer om havvind utan for kysten av Møre og Romsdal.

Mål: Rødt skal være det tydelegaste miljøpartiet i Molde.

Tiltak:

- Aktivt arbeid mot nedbygging av natur, sikre grøntareal som mellom anna Retiroparken og Moldemarka som viktige naturområde
- Fortsette kampen mot vindkraft både til lands og til havs
- Arbeide aktivt for jordvern
- Rødt vil jobbe for oppgradering/fornyng av eksisterende vasskraftverk

3. Andre viktige saker for Rødt

Rødt Molde skal være ei vaktbikkje for solidaritet, for demokratiet, folkestyret og lokalsamfunnet.

Tiltak:

- Rødt vil slå ring om landbruk og fiske som er viktige næringer for matproduksjon og sjølvberging
- Rødt er mot EU medlemsskap. Rødt vil seie opp EØS for å sikre sjølvstyre, motverke privatisering og for å styrke rettigheter for arbeidsfolk
- Kampen for eit fritt Palestina og eit sjølvstendig Ukraina skal fortsatt være sentralt i vårt arbeid.
- Rødt vil arbeide for at Molde skal være ein aldersvenleg kommune med tilbod i heile kommunen.
- Rødt vil arbeide for å styrke tjenestene for menneske med funksjonsnedsettelser i hele kommunen.

Del 3: Organisasjon – Framgang forplikter

4. Fagleg politisk arbeid

Samarbeid med fagrørsla er sentralt i Rødt si strategiplan. Ingen klassekamp utan ein sterk fagrørsla. Høgresida og NHO har skjerpa klassekampen gjennom angrep på sjukelønsordninga. Dei vil også reversere innleieforbodet og forbodet mot bemaningsbransjen. I Molde har Rødt fått gjennomslag for at dei som får sjenkebevilgning må dokumentere at dei tilsette har lovpålagt minstelønn. Dei første samarbeidsavtalar med fagrørsla er på plass og samarbeid med fagrørsla er eit sentralt arbeid i Rødt som skal forsette.

Mål: Få etablere samarbeid med fagrørsla og styre det faglege arbeidet.

Tiltak:

- Opprette fagleg utval, bygge opp det faglege arbeidet og opprette samarbeidsavtale med fagrørsla
- Delta i Rødt sitt fagleg nettverk sentralt og på fylkesnivå
- Bygge opp om medlemmer som påtar seg tillitsverv
- Arrangere fagleg konferanse i Molde

Mål: Styrke det organisatoriske arbeidet og informasjon til medlemmane

Tiltak:

- Gjennomføre det landsomfattande kursopplegget for medlemmar
- Skulering i styret på organisasjonsarbeid
- Styrke informasjonen til medlemmane ved at protokoller frå årsmøte, medlemsmøte og styremøte som hovudregel sendes ut til medlemmane innan 14 dagar etter gjennomføre møte.
- Rødt skal primært bruke fysisk møter til medlems – og styremøte. Styret kan bruke digitale møte når det er vanskeleg å samle styret fysisk.
- Messenger, fb og andre sosial media er gode kanalar til å spreie informasjon om møter, stand eller politiske saker, men skal ikkje brukast til interne diskusjonar/usemje, angrep på partikollega og heller ikkje til å fatte vedtak i Rødt Molde
- Bygge opp om medlemmer som tar på seg tillitsverv

5. Rekruttering og medlemsaktivitet

Rødt Molde har jamleg auka sitt medlemstal utan organisert medlemsverving. Vi er det største Rødt laget i Møre og Romsdal. Det ligg potensiale i aktiv rekrutteringsarbeid, få til to nye lag i vært område og ikkje minst bidra til etablering av RU i Molde.

Mål: Auke i medlemstalet ytterlegare for å få nye folk på lista (styrke distrikta) og få etablert RU lag i Molde.

Tiltak:

- Delta i Rødt sin lyttekampanje til høsten gjennom, husbesøk, på stand, bedriftsbesøk osv.
- Medlemsmøte/temadagar med aktuelle politiske saker samt sosialt arrangement for å trekke med medlemmene og sympatisører
- Folkemøte/opne arrangement/Pub-møter
- Legge nokre medlemsmøte ut i distrikta (Misund, Aukra, Vestnes etc.)
- Arbeidsgrupper som saman med styremedlemmar jobbar med medlems - og rekrutteringsaktivitet
- Påverke Rød Ungdom til å starte lag i Molde
- Jobbe for å få til Rødtgrupper i distrikta
- Trekke med sympatisører i vårt kommunestyrearbeid og på medlemsmøte/sosiale aktivitetar

6. Kvinnepolitisk arbeid

Mål: Fleire kvinner aktivt med i det politiske arbeid i laget

Tiltak:

- Etablert kvinnepolitisk utval/forum med ansvar for kvinnepolitisk arbeid
- Temadagar/medlemsmøte der kvinnepolitikk blir sett på dagorden
- Jobbe for å få med fleire kvinner i vårt kommunestyrearbeid
- Jobbe for kommunestyre/hovudutvalsmøte på dagtid og legge forholda betre til rette for kvinner sin deltaking i kommunepolitikken

7. Partikultur

I Rødt Molde har vi unngått store personkonfliktar og vi har takla politisk usemje på ein sakleg å god måte. Det er viktig at vi jobbar aktiv for å holde det gode miljøet. Det vil gjere det lettare å få med fleire i aktiv arbeid og rekruttere nye medlemar.

Mål: Godt miljø og godt partikultur skal være styrande for arbeid i Rødt Molde.

Tiltak:

- Demokratisk og god saksbehandling er viktig for å unngå unødige konfliktar
- Godt debattklima der ein tole politisk usemje utan at det blir personlege konflikt
- Inkludere alle og at alle har like stor verdi i Rødt Molde
- Akseptere å bli nedstemt utan at det skal føre til omkamp
- Bruke dei demokratiske organa til behandle usemje og unngå bruke sosiale media til intern usemje

Del 4: Styret og kommunestyregruppa

Styret for 2026

Leiar:	Sonja Holen
Nestleiar	Are Magnus Tunheim Hagen
Sekretær/fagleg politisk kontakt	Kjartan Kvellestad
Økonomiansvarleg	Rebekka Størksen Martinsen
Styremedlem:	Samah Al-shaikh
Styremedlem	Dennis Uwe Gotowicz
Styremedlem	Erik Solstad
Styremedlem	Berna Gule
1. vara:	Asbjørn Vestad Eik
2. vara:	Kjersti Therese Askevold Skogly
3. Vara	Lars Hallvard Dahle

4. Vara: Norunn Oddbjørg Gaasøy
5. Vara: Roald Vilhelm Blakseth

Rødt Mode sine representantar i kommunestyret og kommunale utval for 2024-2027

Kommunestyrerepresentantar: Edvard Brevik og Asbjørn Vestad Eik

Vara i rekkefølge: Sonja Holen, Mareno Nauste, Endre Ruset og Helene Kvan Dahle

Gruppeleiar for kommunestyregruppa: Edvard Brevik

Formannskap: Edvard Breivik 1. vara

Teknisk, plan, næring og miljø: Asbjørn Vestad Eik 1 vara og Edvard Breivik 3 vara.

Helse og omsorg: Edvard Breivik representant med Asbjørn Vestad Eik 2. vara

Oppvekst, kultur og velferd: Sonja Holen med Helene Kvan Dahle 2. og Endre Ruset 4. vara

Eldrerådet: Leiar Eva Bøhn

Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne: Norunn Gaasøy nestleiar

Ungdomsrådet: Asbjørn Vestad Eik varamedlem som politikarkontakt

Sonja Holen: Molde Havnevesen KF (nestleiar), Skarbakkene SA (styremedlem), SU barnas hus og Miljø og samarbeidsutval på Sekken oppvekstsenter (representant)

Asbjørn Vestad Eik var Rødt Molde sin representant i 17. mai komiteen og nestleiar i komiteen

Meir info på <https://roedt.no/partiet> og på <https://roedt.no/molde>

Møteplan for 2026

1. halvår	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni
Kommunestyret (kl. 10.00*/16.00)		26.		23.	21.	18.*
Formannskapet (kl. 13.00*/16.00)	27.*	10. 24.*	10. 24.*	14. 28.*	12. 26.*	10. 23*
Hovedutvalg teknisk, plan, næring og miljø(kl.15.00)		03.	03.	07.	05.	02.
Hovedutvalg oppvekst kultur og velferd (kl. 15.00)		04.	04.	15.	06.	03.
Hovedutvalg helse og omsorg (kl.15.00)	26.	23.	23.	27.		08.
Eldrerådet (kl. 10.00)	22.	19.	19.	22.		04.
Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne (kl. 14.00)	22.	19.	19.	22.		04.
Ungdomsrådet (kl. 15.15)		02.	02.	13.	04.	01.
Kommunedelsutvalget i Nesset (kl. 12.00)		25.		16.		

2. halvår	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Kommunestyret (kl. 13.00*/16.00)			24.	29.	26.*	17.*
Formannskapet (kl. 13.00*/16.00)		25.*	15. 29.*	20.	10.* 24.	15.*
Hovedutvalg teknisk, plan, næring og miljø(kl.15.00)			01.	06.	03.	01.
Hovedutvalg oppvekst kultur og velferd (kl. 15.00)			02.	14.	04.	02.
Hovedutvalg helse og omsorg (kl.15.00)			07.	05.	16.	07.
Eldrerådet (kl. 10.00)			03.	01.	12.	03.
Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne (kl. 14.00)			03.	01.	12.	03.
Ungdomsrådet (kl. 15.15)		31.		12.	11. 30.	
Kommunedelsutvalget i Nesset (kl. 12.00*/14.00)			16.		07.	

Del 6: Budsjett for 2025



Budsjett for 2026	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Rekneskap 2025
Saldo pr. 01.01.24 (IB)	15 412	28 920	28 920
Inntekter			
Medlemskontingen	22 000	16 000	19 763
Partiskatt (lokal andel)	21 000	18 000	8 109
Støtte frå Rødt Sentralt	5 000	2 000	5 000
Støtte frå kommunen	5 310	5 000	5 310
Sum inntekter	53 310	41 000	38 182
Utgifter			
Styremøter/medlemsmøter/leige av lokal	- 5 000	- 10 000	0
SMS/Hypersys - til medlemmane	- 1 000	- 2 000	-1 433
Deltaking/reise/opphold i møter og konferanser	- 20 000	- 10 000	-11 410
Valgkampmateriell	-	- 15 000	-22 514
Valkamputgifter	- 4 900	- 5 000	-3 473
1. Mai arrangement (fordeling av underskot)*	- 5 000	- 5 000	0
Reise og møteutgifter ved folkemøte i distrikta	- 2 000	- 8 000	-5 000
Temadagar/stand og andre arrangement	- 2 000	- 5 000	-7 857
Diverse (gåver etc)	- 1 000	- 2 000	-389
Sum utgifter	- 40 900,00	- 62 000,00	-52 076
Resultat pr. 31.12	12 410,00	-21 000	-13 894
Saldo pr. 31.12.24 (UB)	27 822,00	7 920,00	15 026

Budsjett for 2026

Nokre tankjer om det.

Vi bør sikre overskot på drift i 2026 slik at vi har valkampmidlar til valkampen i 2027.

Det lagt inn forslag til tall basert på reknekspen 2025

I summen på kr. 20.000 i møter/konferanser - her er allerede 12.000 brukt på Trondheimkonferansen

Valkamputgifter er etterslep frå 2025 (4.975)

Partiskatt:

Her er etterslepet for 2025, ca. 9.500 er bakt inn i budsjettet.

I tillegg er antall kommunale verv vorte utvida i 2025 som gir grunnlag for høgare partiskatt.

Årsplan og budjett er vedteken på Rødt Molde sitt årsmøte 25.02.26, som grunnlag for arbeidet i 2026

Sonja Holden

Leiar (sign.)